



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Att. Tonje Aars Braseth

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Surnadal kommune.

Statkraft Energi AS - Søknad om dispensasjon frå manøvreringsreglementet for Trollheim kraftverk.

Søknaden gjeld følgjande:

- Tapping av Gråsjø 6 m under LRV (til kote 424) i periodane 01.09.2021-15.05.2022 og 01.09.2023-15.05.2024.
- Tapping av Follsjø 13 m under LRV (til kote 362) i perioden 01.09.2022-15.05.2023.

Bakgrunnen for dette er at dammane ikkje tilfredsstiller krav i damsikkerheitsforskrifta. Det er derfor naudsynt med utbetring av begge dammar ved m.a. plastring på oppstraums side. Det går fram at magasina ikkje vil vere heilt nedtappa over heile desse periodane.

Prosjektet er omtalt i godkjent detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dammane i Follsjø og Gråsjø. Denne var på høyring i 2018. I vår fråsegn hadde vi m.a. følgjande merknader:

Detaljplanen gir ein god omtale av kva arbeid som skal utførast, problemområde og avbøtande tiltak. Når det gjeld biologisk mangfald kjenner vi ikkje til særskilte registreringar i område, med unntak av sensitive artar i nærområdet som Fylkesmannen tidlegare har informert om. Vi er også nøgd med at planen set fokus på å hindre spreiding av framande arter ved tilførsel av eksterne massar.

Det er relativt omfattande tiltak som skal gjennomførast i eit område som er viktig for friluftslivet. Det er derfor viktig at det blir tydeleg informert om arbeidet til folk som ferdast i området.

Begge dei kunstige sjøane har bestandar av aure. Ved nedtapping vil dei framstå som ei elv. Vi føreset at nedtappinga blir gjort så skånsamt som mogleg slik at auren ikkje strandar unødvendig.

Det blir opplyst at ein skal prioritere å sikre vatn til Surna i anleggsperioden. Dette er svært viktig. Vi vil minne om at Surnavassdraget er eit nasjonal laksevassdrag. Dette betyr at

laksebestanden skal ha særleg skydd mot inngrep og aktivitetar i vassdraget som kan vere negativt for bestanden.

I revisjon av konsesjonsvilkåra for Folla-Vindølareguleringa (kgl. res. 05.03.2021) er det stilt krav om flytting av inntak i Follsjø slik at vassstemperaturen om sommaren blir høgare nedstraums kraftverket. Dette vil vere positivt for fiskens vekst og overleving. Vi kjenner ikkje dei tekniske utfordringane med dette. Ideelt sett hadde det vore ønskeleg om dette arbeidet kunne bli gjort samstundes med utbetring av dammane, når magasina først er nedtappa.

Konklusjon

Vi har ikkje vesentlege merknader til søknaden ut over dei kommentarane som er gitt over.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

SURNADAL KOMMUNE	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
RINDAL KOMMUNE	Rindalsvegen 17	6657	RINDAL